

Evaluering NOR 2101/4103 våren 2022

Sverre Stausland Johnsen

1 Innleiing

Våren 2022 hadde emnet 28 timar førelesingar og 14 timar seminarundervisning. Emnet hadde seminarundervisning for fyrste gongen, med tekstlesing av språk-historiske tekster. Emneansvarleg og faglærer var Sverre Stausland Johnsen. Emnet hadde ei skriftleg kvalifiseringsoppgåve som seksten studentar fekk godkjent. NOR 2101 hadde ein heimeeksamen på tre dagar, og NOR 4103 ei semesteroppgåve.

Det vart gjennomført ei skriftleg og anonym evaluering med studentane etter at eksamensoppgåvene var innleverte, men før sensuren hadde falle. Femten studentar tok eksamen, og ni studentar (60 %) fullførte evalueringa. Sju av dei ni studentane tok NOR 2101, dei andre to NOR 4103.

1.1 Faglæraren

Kor godt forklårar faglæraren materialet og gjer det forståeleg?

Eit stort fleirtal på 78 % svarar «Særs godt» (57 %) eller «Godt».

Kor godt oppmodar faglæraren studentane til å stilla spørsmål og delta aktivt?

Alle svarar «Særs godt» (89 %) eller «Godt».

Kor god kunnskap om materialet synest det som faglæraren har?

Alle svarar «Særs god».

Kor godt førebudd synest faglæraren å vera til undervisninga?

Alle svarar «Særs godt» (89 %) eller «Godt».

I kva grad viser og skapar faglæraren entusiasme for materialet?

Alle svarar «Særs høg grad» (78 %) eller «Høg grad».

Kor tilgjengeleg er faglæraren utanfor klassen?

Alle svarar «Særs høg grad» (78 %) eller «Høg grad».

På ein skala frå 1 til 5, gje ei samla vurdering av faglæraren.

Alle svarar 5 (67 %) eller 4. Snittverdi er 4,7.

1.1.1 Merknader frå studentane

Flestalle studentane skriv at faglæraren har store kunnskapar om emnet, underviser med stor entusiasme og skapar eit godt læringsmiljø i klasserommet.

1.2 Emnet

Kor nøgd er du med at du tok dette emnet?

Alle svarar «Særs nøgd» (78 %) eller «Nøgd».

På ein skala frå 1 til 5, kor mykje vil du rå ein annan student til å ta dette emnet?

Eit stort fleirtal på 67 % svarar 5. Snittverdi er 4,4.

På ein skala frå 1 til 5, i kor stor grad har dette emnet gjort at du vil læra meir om norsk språkhistorie?

Eit stort fleirtal på 89 % svarar 5 (56 %) eller 4. Snittverdi er 4,4.

Kor viktig har det vore for deg at alt pensumet har vore gratis tilgjengeleg på nett og i Canvas?

Eit stort fleirtal på 67 % svarar «Særs viktig».

1.2.1 Merknader frå studentane

Flestalle studentane skriv at emnet var mykje interessant og lærerikt, at undervisningsforma med tavleundervisning fungerte mykje bra, og at pensumet var interessant og spanande. Mange studentar skriv at dei skulle ynskja emnet kunne tilby fleire undervisningstimar, so at ein kunne koma igjennom meir fagstoff.

1.3 Eksamen

(NOR 2101) Kor vanskeleg tykkjer du heimeeksamenen var?

Alle svarar «Passe vanskeleg» (57 %) eller «Vanskeleg».

(NOR 2101) Kva tykkjer du burde vera eksamensforma?

Eit stort fleirtal på 71 % svarar «Heimeeksamen».

(NOR 4103) Kva tykkjer du burde vera eksamensforma?

Éin student svarar «Heimeeksamen» og éin svarar «Semesteroppgåve».

1.3.1 Merknader frå studentane

Somme studentar skriv at dei skulle ynskja det hadde vore meir tid i seminarundervisninga til å gå igjennom det tekstmaterialet som det vart spurt om på heimeeksamenen. Somme skriv òg at det var mykje hjelpsam at det var eit ope diskusjonsforum med faglæraren i Canvas om eksamensoppgåvene etter at studentane hadde fått dei.